



ØRSTA KOMMUNE
politisk sekretariat

Landbrukskontoret for vidare ekspedering

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2014/2314	14956/2014	VIDDAL	V63	16.12.2014

Melding om vedtak i kommunestyret 11.12.2014, sak 89/14

**HØYRINGSFRÅSEGN - FRAMLEGG OM Å OPPHEVE KONSESJONSLOVA OG
BUPLIKTA**

Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 11.12.2014

VEDTAK:

Ørsta kommune ser at konsesjonslova er eit nyttig reiskap til lokal forvaltning av ressursane i landbruket. Lova gjev kommunen høve til å ta omsyn både til eigarane, samfunnet og framtidige generasjonar. Ørsta kommune meiner difor at lova er naudsynt, og rår sterkt ifrå å fjerne den.

Handsaminga(33 r.f.)

Inge Kolås(FrP) fremja landbruksnemnda sitt vedtak:

Ørsta kommunestyre har ikkje merknad til høyringsforslaget.

Ved alternativ røysting:

Formannskapet si tilråding fekk 19 røyster og vedteken

Kolås sitt framlegg fekk 14 røyster(H, FrP) og fall

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng
Inger Johanne E. Løeng
Politisk sekretær

Saksprotokoll i Ørsta formannskap - 25.11.2014

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Ørsta kommune ser at konsesjonslova er eit nyttig reiskap til lokal forvaltning av ressursane i landbruket. Lova gjev kommunen høve til å ta omsyn både til eigarane, samfunnet og framtidige generasjonar. Ørsta kommune meiner difor at lova er naudsynt, og rår sterkt ifrå å fjerne den.

Handsaminga(9 r.f.)

Lagt fram i møtet:

Landbruksnemnda sitt vedtak i møtet 20. november 2014, sak 70/14 Høyringsfråsegn-Framlegg om å oppheve konsesjonslova og buplikta.

Hans Olav Myklebust(FrP) sitt framlegg:

Ørsta kommunestyre har ikkje merknad til høyringsforslaget

Ved alternativ røysting fekk:

Rådmannen si tilråding 5 røyster og vedteken

Hans Olav Myklebust sitt framlegg fekk 4 røyster(FrP og H) og fall.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Liv Bente Viddal

Arkivsak: 2014/2314

Løpenr.: 13960/2014

Utvalsaksnr.

Utval

Møtedato

Ørsta formannskap

Saka gjeld: **HØYRINGSFRÅSEGN - FRAMLEGG OM Å OPPHEVE KONSESJONSLOVA OG BUPLIKTA**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Ørsta kommune ser at konsesjonslova er eit nyttig reiskap til lokal forvaltning av ressursane i landbruket. Lova gjev kommunen høve til å ta omsyn både til eigarane, samfunnet og framtidige generasjonar. Ørsta kommune meiner difor at lova er naudsynt, og rår sterkt ifrå å fjerne den.

Saksvedlegg:

1. Skriv frå Landbruks- og matdepartementet d.s. 15.10.2014 - Høyring – Forslag om å oppheve konsesjonsloven og buplikten
2. - Høyringsnotat

Samandrag av saka:

Landbruks- og matdepartementet har gjort framlegg om å fjerne konsesjonslova av 28. november 2003. Dette er ei viktig lov for all omsetnad av fast eigedom. Fjerning vil ha svært store og til dels uoversiktlege konsekvensar både for samfunnet og framtidige generasjonar. Det vert difor gjort framlegg om at kommunen stiller seg negativ til endringa.

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet har gjort framlegg om å fjerne konsesjonslova av 28. november 2003. I første rekkje regulerer lova omsetning av landbrukseiendomar. Desse utgjer svært avgrensa og livsviktige nasjonale naturressursar. Det vart difor tidleg gjennomført reguleringar for å sikre omsynet til samfunnet og framtidige generasjonar (oss). Dei siste 100-åra har lova vorte endra fleire gonger for å kunne takle dei aktuelle problemstillingane i tida. Gjeldande lov er frå 2003. Eg siterer nokre av dei mest sentrale §§ i kommunal forvaltning:

§ 1.(lovens formål)

Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. framtidige generasjoners behov.
2. landbruksnæringen.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftsinnteresser.
5. hensynet til bosettingen.

§ 6.(bopliktens innhold)

Erverver som etter § 5 annet ledd har boplikt på en eiendom, skal ta eiendommen som sin reelle bolig. En eiendom er tatt som reell bolig hvis eieren er registrert bosatt på eiendommen etter regler fastsatt i eller i medhold av lov 16. januar 1970 nr. 1 om folkeregistrering.

§ 9.(særlige forhold for landbrukseiendommer)

Ved avgjørelsen av søknad om konsesjon for erverv av eiendom som skal nyttes til landbruksformål skal det legges særlig vekt på:

1. om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forsvarlig prisutvikling,
2. om erververs formål vil ivareta hensynet til bosettingen i området,
3. om ervervet innebærer en driftsmessig god løsning,
4. om erververen anses skikket til å drive eiendommen,
5. om ervervet ivaretar hensynet til helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Konsesjon skal i alminnelighet ikke gis dersom det ved ervervet oppstår sameie i eiendommen, eller antallet sameiere økes.

Det kan gis konsesjon til selskaper med begrenset ansvar. Det skal legges vekt på hensynet til dem som har yrket sitt i landbruket.

Første ledd nr. 1 og 4 gjelder ikke sak der nær slekt eller odelsberettiget søker konsesjon fordi de ikke skal oppfylle boplikten etter § 5 annet ledd. I slik sak skal det i tillegg til første ledd nr. 2, 3 og 5 blant annet legges vekt på eiendommens størrelse, avkastningsevne og husforhold. Søkerens tilknytning til eiendommen og søkerens livssituasjon kan tillegges vekt som et korrigerende moment.

§ 11.(vilkår for konsesjon)

Konsesjon etter loven kan gis på slike vilkår som i hvert enkelt tilfelle finnes påkrevd av hensyn til de formål loven skal fremme. Det kan lempes på vilkårene etter søknad.

Kongen skal ut fra hensynet til bosetting, helhetlig ressursforvaltning og kulturlandskap ta stilling til om det er påkrevd å stille vilkår om boplikt, og om boplikten skal være en personlig plikt for eier.

I grunngevinga for at lova bør fjernast skriv departementet mellom anna: (kap. 5)

Om behovet for endring

Regjeringen har i sin politiske plattform understreket at eiendomsretten er en grunnleggende rett som bør styrkes. Som et ledd i dette arbeidet vil regjeringen styrke bondens rett til å disponere over egen eiendom i tråd med egne valg og prioriteringer. Andre viktige mål for regjeringen er enklere regler, mindre byråkrati og en effektiv og moderne forvaltning.....

Friheten til å bestemme over egen eiendom er en sentral verdi i vårt samfunn. Eiendomsretten er gjennom flere hundre år betraktet som en grunnleggende rettighet. Den er blant annet gitt beskyttelse i Den europeiske menneskerettighetskonvensjon første tilleggsprotokoll artikkel 1 første ledd, som lyder slik i norsk oversettelse:

”Art 1. Vern om eiendom

Enhver fysisk eller juridisk person har rett til å få nyte sin eiendom i fred. Ingen skal bli fratatt sin eiendom unntatt i det offentliges interesse og på de betingelser som er hjemlet ved lov og ved folkerettens alminnelige prinsipper.”

Departementet mener at eieren må gis større handlingsrom enn i dag slik at han får større frihet til selv å råde over sin egen eiendom. Eiendomslovgivningen i landbruket legger betydelige begrensninger for eierens disposisjoner over eiendommen.

Unntakene fra konsesjonsplikt er så mange at det i seg selv er et argument for å oppheve loven.

Vurdering og konklusjon:

Det kan i det vidare vere nyttig å klargjere nokre omgrep:

Grunneigar: Som namnet seier: Den som eig grunnen.

Gardbrukar: Også som namnet seier: Den som brukar garden/står for produksjon og verdiskaping.

Bonde: Bur på garden, eig garden og driv garden.

Ein grunneigar og ein gardbrukar har naturleg ulike syn på verdsettinga og disponeringa av jord. Grunneigaren vil sjå på jorda som kapital, den bør vere lett omsetteleg og vekse fortast råd. Gardbrukaren vurderer jorda som eit driftsmiddel, det er viktig å ha stabil tilgang til ressursen og den bør vere billegast muleg.

Bonden må ha tvisynet i seg, men har tradisjonelt hatt som mål å overlate bruket i betre stand enn han overtok det.

Konsesjonslova er utforma etter erkjenning av at jord og skog er ein svært avgrensa og livsviktig ressurs, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Det er difor viktig at eigarstrukturen

tek omsyn til fellesskapet/samfunnet og framtidige generasjonar sine behov.

Departementet har som mål med endringa å styrke eigaren sine rettar, og viser m.a. til "*Den europeiske menneskerettighetskonvensjon*". Ein skal merke seg at den tek omsyn både til *fysiske og juridiske* personar. (Juridiske personar er alle typar registrerte selskap og konsern) Internasjonalt ser me at multinasjonale konsern søker makt over fleire ledd i verdiskapingskjeda for matvarer. Det er nok å nemne stikkord som patent på levande organismar og landgrabbing.

I Noreg har me i motsetning til mange andre land prioritert fysiske personar som eigarar. Den sjølveigande norske bonden har i mange hundre år vore framheva som ein positiv eigarstruktur. Utan konsesjonslov kan det, etter vårt syn, i stor grad verte slutt på dette. Selskap av alle slag vil kunne overta landbruksarealet i Noreg. Dette vil svekke høva bonden/gardbrukaren har til å eige bruket. Kapitalinteressene får styrka retten sin til å eige grunn. Dei som har arbeidet sitt i næringa kan få mindre høve til å eige.

Utan konsesjonslova misser fellesskapet/kommunen høvet ein no har til å påverke eigedomsstrukturen og busetnaden. Kommunen vil ikkje heller ha høve til å legge til rette for jordrasjonalisering. Framtidige generasjonar sine behov vert etter vårt syn ikkje vurdert.

Konsesjonslova har lagt til rette for at me har eit familiejordbruk i Noreg.

Familiejordbruk var hovudtemaet for Verdas matvaredag 2014 (16/10). Generalforsamling i FN har utpeika 2014 til Det internasjonale året for familiejordbruk, og verdssamfunnet har dermed erkjent at familiejordbruk spelar ei avgjerande rolle for global mattryggleik. Slagordet "*Feeding the world, caring for the earth*" skal rette søkjelyset på at småskala- og familiejordbruk er levebrød for millionar av menneske over heile verda, og gjev til mattryggleik ved å hindre svolt, fattigdom og feilernæring, og tek vare på naturressursar og bidreg til berekraftig utvikling. På matvaredagen i år offentleggjorde FAO (FN sin organisasjon for mat og landbruk) den årlege statusrapport sin for mat og jordbruk (SOFA), den handlar om innovasjon i familiejordbruket.

(Som ein spesialisert FN-organisasjon skal FAO kjempe mot svolt og feilernæring og arbeide for auka og berekraftig matproduksjon og global mattryggleik.)

Berre 2-3 % av landarealet i Noreg er dyrka jord. Skogane er omtala som "det grønne gull".

Mat, byggevirke og klimanøytral energi er viktig no og både nasjonalt og internasjonalt vil det verte kamp om desse avgrensa ressursane i tida framover. Framlegget frå departementet syner at denne kampen alt er i full gang.

Av omsyn til fellesskapet og framtidige generasjonar må konsesjonslova heller styrkast enn svekkast.

Det er vanskeleg å setje opp og talfeste kva konsekvensar fjerning av konsesjonslova vil ha for Ørsta kommune, men det kan nemnast at kommunen har totalt 946 store og små landbrukseigedomar, av desse har 739 eigedomar minst 5 da jordbruksareal. Tilsvarande tal for Volda kommune er 628 og 507. Som ein konsekvens vil også buplikta på større landbrukseigedomar falle vekk. No er det ved overdraging innafor nær familie, buplikta på eigedomar med minst 25 da fulldyrka + overflatedyrka eller minst 500 da produktiv skog (arealgrensa vart heva i 2009), og sjølv om kommunen har nokre søknader om fritak/utsetjing av buplikta kvart år, har ein inntrykk av at eigedommane stort sett vert overdrege til den/dei i familien som ynskjer å busetje seg der. Dette kan fort endre seg viss buplikta fell vekk.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Ikkje vurdert

Konsekvensar for folkehelsa:

Ingen direkte

Miljøkonsekvensar:

Ingen direkte

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for kommunen

Beredskapsmessige konsekvensar:

Fjerning av lova vil truleg svekke engasjementet for lokal matproduksjon.

Konsekvensar for barn og unge:

Endringsframlegget vil kunne gjere det vanskelegare for ungdom å etablere seg som bønder.

Ørsta, 20.11.2014



Wenche Solheim
Rådmann



Liv Bente Viddal
seksjonsleiar

